



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Komite for næring, kultur og idrett
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	18.11.2013
Tid:	16:00 – 19:00

Medlemer som møtte:

Bjørn Otterlei	Leder	H
Knut Johan Voldsund	Nestleder	FRP
Margaret Leinebø	Medlem	H
Malene Frøystadvåg Remøy	Medlem	H
Frank Otto Kvalsvik	Medlem	KRF
Edel Kvalsund Goksøyr	Medlem	KRF
Henry Jøsokbakke	Medlem	V

Andre: Ass. Rådmann Olaus Jon Kopperstad

Kulturleiar Eileen Gjerde

Folkehelsekoordinator Andreas Kvalsund

Bibliotekleiar Kristin .F. Husøy

Planleggar Ole Magne Rotevatn

Til å skrive under møteboka saman med leiaren vart desse valde:

Margaret Leinebø og Henry Jøsokbakke.

underskrifter

Margaret Leinebø

Bjørn Otterlei

Henry Jøsokbakke

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 81/13	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 82/13	Protokoll frå førre møte
PS 83/13	Referatsaker
PS 84/13	Framtidig lokalisering av Herøy folkebibliotek
PS 85/13	Vedk. bygging av 3. byggesteg av Heid Turløype
PS 86/13	Tertialrapportering per 01.09.2013.

Referatskriv

RS 12/13	Budsjettkommentarar Kulturavdelinga 2014
RS 13/13	Kommunedelplan Trafikktrygging 2013-16 - offentlig ettersyn

Orientering/drøfting:

Kulturleiaren møtte og orienterte om kulturbudsjettet.

Planleggar Ole Magne Rotevatn møtte og orienterte om prosess for revidering av strategisk næringsplan.

Komite for næring kultur og idrett vil starte opp arbeidet med rullering av Strategisk næringsplan 2012-2015 og ynskjer å ha med fylgjande i ei prosjektgruppe:

Ordførar
Rådmann
Leiar NKI
Nestleiar NKI
Leiar styret i Herøy næringsforum
President Shippingklubben

PS 81/13 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste

PS 82/13 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 83/13 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

PS 84/13 FRAMTIDIG LOKALISERING AV HERØY FOLKEBIBLIOTEK

Møtebehandling:

Kulturleiar, bibliotekleiar og folkehelsekoordinator møtte.

Det kom framlegg om slikt tillegg til tilrådinga:

3. Komite for næring, kultur og idrett og styret for Herøy kulturhus skal involverast i prosessen med å utarbeide funksjons- og arealanalyse.

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 18.11.2013

1. Kommunestyret ber Rådmannen utarbeide funksjons- og arealanalyse til nytt Herøy folkebibliotek med plassering på Kulturhusområdet.
2. Funksjons- og arealanalyse skal leggjast fram for Kommunestyret til endeleg behandling.
3. Komite for næring, kultur og idrett og styret for Herøy kulturhus skal involverast i prosessen med å utarbeide funksjons- og arealanalyse.

PS 85/13 VEDK. BYGGING AV 3. BYGGESTEG AV HEID TURLØYPE

Møtebehandling:

Kulturleiar og folkehelsekoordinator møtte.

Frank Otto Kvalsvik reiste habilitetsspørsmål då han er med i styret i Bergsøy IL. Han går frå under handsaming av habilitet.

Frank Otto Kvalsvik vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, FVL § 6, 1. ledd, bokstav e.

Bjørn Otterlei reiste habilitetsspørsmål då han er med i arbeidsgruppa for turstigen. Han går frå under handsaming av habilitet.

Bjørn Otterlei vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, FVL § 6, 2. ledd.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 18.11.2013

1. Herøy kommune tek på seg å vere byggherre for utbygging av Heid Turløype 3. byggesteg i samarbeid med Bergsøy Idrettslag, Trimgruppa etter same mal som tidlegare byggesteg og skissert i saksutgreiinga.
2. Kommunestyret godkjenner vederlagsfri framleige til kommunen av leigeavtalar for 3. byggesteg som Bergsøy Idrettslag, Trimgruppa har gjort med grunneigarane for 35 år frå 01.01.2014 til 31.12.2046 vedk. Heid Turløype.
3. Kommunal eigenfinansiering i 3. byggesteg er avgrensa til momskompensasjon i prosjektet i tillegg til kr 100 000 foreslått i økonomiplanen.
4. Kommunestyret gjev ordføraren fullmakt til å godkjenne naudsynte avtalar mellom Herøy kommune og Bergsøy Idrettslag, Trimgruppa når alle formalitetar er avklara.
5. Anleggsprosjektet, 3. byggesteg, kan ikkje starte opp før all finansiering er på plass og nødvendige dispensasjonar og godkjenningar er gjort i høve kommuneplan, jordlov og plan- og bygningslova.

PS 86/13 TERTIALRAPPORTERING PER 01.09.2013.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 18.11.2013

Saka vert tatt til vitande.

MØTET SLUTT!

**RS 12/13 Budsjettkommentarar Kulturavdelinga 2014 Budsjettkommentarar
Kulturavdelinga 2014 08.11.2013 00:00:00 Geir Egil Olsen**

**RS 13/13 Kommunedelplan Trafikktrygging 2013-16 - offentlig ettersyn
Kommunedelplan Trafikktrygging 2013-16 - offentlig ettersyn 02.10.2013 00:00:00
Adresseliste**